



## INFORMASJON OM SAKSHANDSAMINGA TIL NVE VED REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR

### ***Generelt***

Krav om revisjon av konsesjonsvilkår gjeld utbyggingar som har konsesjon etter vassdragsreguleringslova eller industrikonsesjonslova (erverv av fallrettar), eller etter vassressurslova om det i vilkåra står at dei kan reviderast.

Hovudformålet med ein vilkårsrevisjon vil være å betre miljøforholda i regulerte vassdrag. Dette må vegast opp mot formålet med sjøle konsesjonen, som er kraftproduksjon.

Det er bare konsesjonsvilkåra som kan reviderast, ikkje sjølve konsesjonen, som til dømes høgaste regulerte vasstand (HRV) og lågaste regulerte vasstand (LRV). Manøvreringsreglementet er ein del av konsesjonsvilkåra og kan følgeleg reviderast. Privatrettslege forhold omfattast ikkje, og normalt heller ikkje økonomiske vilkår som ikkje kan knytast direkte til miljøforholda.

Vi viser til våre nettsider for meir informasjon:  
[www.nve.no/revisjon](http://www.nve.no/revisjon).

### ***Handsaming fram til endeleg avgjerd***

Når det fremjast krav om revisjon av konsesjonsvilkår for ein eller fleire konsesjonar vil NVE først ta stilling til om det skal opnast revisjonssak. Konsesjonæren gis høve til å uttale seg før saka avgjerast av NVE. NVE si avgjerd (vedtak) kan klagast på til Olje- og energidepartementet.

Deretter skal konsesjonæren utarbeide eit revisjonsdokument som skal gi oversikt over kraftverksanlegg, reguleringar og overføringer, miljøtilstand i rørte vassdragsavsnitt og ein vurdering av innkomne krav. Dokumentet skal også omtale eventuelle moglegheiter for opprusting og utviding av eksisterande vasskraftanlegg. Det gis normalt ein frist på 6 månader for å utarbeide revisjonsdokumentet.

NVE sender revisjonsdokumentet på høyring til rørte kommunar, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltningsorgan og interesseorganisasjonar. Høyringsperioden er normalt tre månader. Høyringa blir kunngjort i lokale aviser, revisjonsdokumentet blir gjort tilgjengeleg for gjennomlesing i dei aktuelle kommunane og kan lastast ned frå NVE sine nettsider.

I enkelte tilfelle kan det være aktuelt å holde folkomøte om saka.

Etter høyringsperioden får konsesjonæren moglegheit til å kommentere innkomne fråsegner.

NVE inviterer til ei synfaring der aktuelle kommunar, fylkeskommunar, Fylkesmenn og andre rørte partar kan delta. Under synfaringa er det mogleg å utdjupe aktuelle problemstillingar. Synfaringa vil normalt holdast etter at høyringsperioden er over, men det kan førekommme at den holdast tidlegare.

NVE sluthandsamar saka ved å sende si tilråding til Olje- og energidepartementet (OED). NVE står fritt til å vurdere kva for vilkår som eventuelt bør bli endra. Framsette krav, revisjonsdokumentet og innkomne fråsegner er viktige grunnlag for denne vurderinga. NVE vil som minimum tilrå at det innførast moderne standardvilkår i alle saker om vilkårsrevisjon.

OED sender NVE si tilråding på ein avgrensa høyring til rørte kommunar og departement. Deretter fremjer OED saka for regjeringa, som avgjer saka.

### ***Kva forventast av høyringsinstansane?***

Formålet med høyringa er å få synspunkt på dei fremja krava, og om man ønskjer å framsette andre krav. Det er ønskeleg med grunna synspunkt på om vilkåra skal reviderast, og om det bør innførast nye avbøtande tiltak som kan betre miljøforholda. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om revisjonsdokumentet har gitt tilstrekkeleg kunnskap om problemstillingane i saka.

### ***Fråsegner***

Fråsegner må være skriftlege og kan sendast via våre nettsider, med e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller som vanleg post.